



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Høyringsnotat

Forslag til endringar i nivåkrav ved opptak til høgare utdanning og opptak til praktisk-pedagogisk utdanning

23. april 2024

Innhald

1	Innleiing.....	3
2	Endring i nivåkrav ved opptak til høgare utdanning.....	3
2.1	Gjeldande rett.....	3
2.2	Departementets vurdering.....	4
2.2.1	Innleiing.....	4
2.2.2	Nivåkrav ved opptak til sjukepleiarutdanninga.....	4
2.2.3	Nivåkrav ved opptak til lærarutdanningane.....	5
2.2.4	Tidspunkt for iverksetjing.....	6
2.3	Departementets forslag.....	7
2.4	Forslag til forskriftsendringar.....	7
2.4.1	Trinnvis innføring.....	7
2.4.2	For opptaket til studieåret 2024–2025.....	7
2.4.3	For opptaket til studieåret 2025–2026.....	8
3	Opptak til praktisk-pedagogisk utdanning på grunnlag av bachelorgrad.....	8
3.1	Gjeldande rett.....	8
3.2	Departementets vurdering.....	9
3.3	Departementets forslag.....	10
3.4	Forslag til endringar i forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning.....	10

1 Innleiing

Kunnskapsdepartementet sender med dette forslag om endringar i to ulike forskrifter på høyring.

Det eine er forslag om endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning. Forslaget følger opp forslaga i Meld. St. 20 (2023–2024) *Opptak til høgare utdanning* om endringar i nivåkrav ved opptak til lærar- og sjukepleiarutdanningane. Departementet tek sikte på å sende dei andre forslaga i Meld. St. 20 (2023–2024) på høyring mot slutten av 2024.

Det andre er forslaget om endringar i forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning (PPU). Forslaget følger opp forslaga i Meld. St. 19 (2023–2024) *Profesjonsnære utdanningar over heile landet*, om endringar i studiemodell og opptakskrav til PPU.

Departementet tek atterhald om at Stortinget sluttar seg til forslaga. Dersom Stortinget sluttar seg til forslaga, meiner departementet at desse tiltaka bør setjast i verk så raskt som mogleg. Forslaget sendes derfor på ei kort høyring allereie no.

2 Endring i nivåkrav ved opptak til høgare utdanning

2.1 Gjeldande rett

Det følgjer av universitets- og høgskulelova (uhl.) § 3-6 femte ledd at departementet i forskrift kan fastsette spesielle opptakskrav når omsynet til gjennomføringa av studiet gjer dette nødvendig. I den nye universitets- og høgskulelova § 8-1 femte ledd er heimelen utvida og lyder slik: «Departementet kan gi forskrift om spesielle opptakskrav dersom hensynet til gjennomføringa av studiet eller utøvelse av yrket gjer det nødvendig».

Det er i hovudsak tre typar spesielle opptakskrav: Innhaldskrav, nivåkrav og opptaksprøver. Innhaldskrav inneber at søkarar må ha bestått bestemte programfag eller ha ein annan kvalifikasjon, som blir rekna som nødvendig for å gjennomføre utdanninga. Nivåkrav inneber at søkaren må ha oppnådd eit fastsett minimum av skulepoeng og/eller karakterar i enkelte fag. Nokre nivåkrav i fellesfag kan søkarane oppfylle ved at dei har bestått bestemte programfag (innhaldskrav).

Det er i dag nivåkrav til lærar- og sjukepleiarutdanningane som gjeld for opptak ved alle institusjonar. I tillegg inneheld opptaksforskrifta nivåkrav på enkelte studium, som er fastsett etter søknad frå den enkelte institusjon. Slike nivåkrav er foreslått vidareført i Meld. St. 20 (2023–2024) og blir ikkje omtala nærare her.

Bakgrunnen for nivåkrava ved opptak til lærar- og sjukepleiarutdanningane var omsynet til kvalitet og gjennomføring. Målet var å heve statusen til, og samtidig styrke kvaliteten i, utdanningane, og å få betre kandidatar. Bakgrunnen for, og utviklinga av desse nivåkrava er nærare omtalt i Meld. St. 20 (2023–2024) punkt 2.1.3.

Dei spesielle opptakskrava til lærarutdanningane er regulert i § 4-7 i opptaksforskrifta. Forskrifta § 4-7 første til fjerde ledd fastset at søkarar til grunnskulelærarutdanningane og

lektorutdanningane anten må ha minst 40 skulepoeng og eit karaktergjennomsnitt på minimum 3 i matematikk og norsk, eller minst 35 skulepoeng og karaktergjennomsnitt på minimum 3 i norsk og 4 i matematikk. Karakterkravet i matematikk gjeld for dei som berre har matematikk som fellesfag, ikkje for dei som også har eit eller fleire programfag i matematikk. I § 4-7 femte ledd er det krav om at søkarar til lærarutdanningar i praktiske og estetiske fag må dokumentere minimum 35 skulepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i norsk (393 timar) og 3,0 i matematikk (224 timar). I rammeplanen for lærarutdanning i praktiske og estetiske fag er det i tillegg krav om minimum karakteren 4,0 i fellesfaget matematikk (224 timer) for studenter som vel matematikk som fag II eller III på sjølve studiet. I opptaksforskrifta § 4-7 åttende ledd er det krav om at søkarar til 3-årig lærarutdanning for tospråklege lærarar må dokumentere eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i norsk (393 timar).

Dei spesielle opptakskrava til sjukepleiarutdanninga er regulert i § 4-2 sjuande ledd i opptaksforskrifta. Forskrifta fastset at søkarar må ha minimum gjennomsnittskarakteren 3 i matematikk og 3 i norsk for opptak til sjukepleiarutdanninga.

Forskrifta opnar ikkje for unntak frå nivåkrava for opptak til lærar- og sjukepleiarutdanningane. Universitets- og høgskulelova § 1-2 fjerde ledd gir heimel for å innvilge unntak frå krava i samband med tidsavgrensa pedagogiske eller organisatoriske forsøk. Heimelen er vidareført i den nye universitets- og høgskulelova § 17-1.

2.2 Departementets vurdering

2.2.1 Innleiing

Argumenta for å innføre nivåkrav for opptak til lærar- og sjukepleiarutdanningane er at dei skulle føre til betre kvalitet, betre gjennomføring og betre yrkesutøvarar. Men det er vanskeleg å måle den faktiske effekten nivåkrava har for sluttkompetansen til uteksaminerte kandidatar. Innføringa av nivåkrava har òg medført ei rekke utfordringar. For det første har det bidratt til å svekke generell studiekompetanse (GSK) som hovudvegen for kvalifisering. For det andre kan nivåkrav hindre nokre av institusjonane i å fylle opp dei planlagde studieplassane sine på enkelte studium. For det tredje har nivåkrav ført til at søkarar som ikkje oppfyller krava, må bruke tid og ressursar på å forbetre karakterar i fag dei allereie har fullført og bestått. Dette går ut over både søkarane og samfunnet, og det medfører dårleg utnytting av ressursar.

Sjå nærare om regjeringa si vurdering av nivåkrav i punkt 2.3.2 i Meld. St. 20 (2023–2024).

2.2.2 Nivåkrav ved opptak til sjukepleiarutdanninga

Nivåkrav for sjukepleiarutdanninga blei innført for å auke gjennomføring i utdanninga og for gi betre sjukepleiarar. Omsynet til pasienttryggleiken var sentralt. Det er lite som tyder på at ein har oppnådd betre gjennomføring og kvalitet ved å innføre nivåkrav, og det er

uklart om nivåkrava faktisk bidrar til å auke pasienttryggleiken. Dessutan har nivåkrava fleire ulemper. Nivåkrav svekker prinsippet om at GSK skal vere hovudgrunnlaget for kvalifisering og dei stenger òg moglege søkarar ute frå utdanninga, og dermed frå sjukepleiaryrket. Dette er lite ønskeleg i lys av det store behovet for kvalifiserte sjukepleiarar. Å fjerne nivåkrava vil føre til at fleire kjem inn på studiet og vidare ut i arbeid, i staden for å bruke tid på å forbetre karakterar. Departementet foreslår derfor at nivåkrava for sjukepleiarutdanninga blir oppheva.

Sjå nærare om regjeringa si vurdering av nivåkrav for sjukepleiarutdanninga i punkt 2.3.2 i Meld. St. 20 (2023–2024).

2.2.3 Nivåkrav ved opptak til lærarutdanningane

Etter at nivåkrava for lærarutdanningane blei innførte, og seinare skjerpa, er det tendensar til at gjennomføringa av grunnskulelærer- og lektorutdanningane har gått fram. Det er uvisst om betringa er ein følge av nivåkrava, eller om ho skuldast andre forhold. Sjølv om ein legg til grunn at nivåkrava fører til betre gjennomføring blant dei som kjem inn, så kan dei òg hindre moglege søkarar frå å komme inn og dermed fullføre studiet.

Nivåkrava for lærarutdanningane har blitt endra fleire gonger, sist i 2022. Departementet veit for lite om effekten av krava og endringane, og meiner det er for tidleg å endre krava no. Sjå nærare om regjeringa si vurdering av nivåkrav for lærarutdanningane i punkt 2.3.2 i Meld. St. 20 (2023–2024).

Samtidig er det viktig for regjeringa å gjere det ein kan for å utdanne fleire lærarar. Derfor foreslår departementet å opne for dispensasjon frå kravet, med vilkår om at institusjonen har tiltak som varetek dei same omsyna som nivåkrava er meint å vareta.

Dispensasjonsordninga kan bidra til å løyse utfordringar med rekruttering utan at det går utover gjennomføring og kvalitet. Det kan òg bidra til å redusere omfanget av søkarar som forbetrar karakterar.

Dispensasjonsordninga skal vere ei søknadsbasert ordning der den enkelte institusjon kan søke om å få dispensasjon frå nokre eller alle nivåkrava. Med nivåkrav siktar departementet både til karakterkrava i enkelte fag og krava om tal på skulepoeng. Institusjonane kan søke om dispensasjon frå slike nivåkrav i opptaksforskrifta § 4-7 første til femte ledd og åttande ledd, altså nivåkrava for opptak til grunnskulelærerutdanningane og lektorutdanningane, lærarutdanningar i praktiske og estetiske fag og 3-årig lærarutdanning for tospråklege lærarar.

Kravet om karakter 4 i fellesfaget matematikk i rammeplanen for lærarutdanning i praktiske og estetiske fag gjeld ikkje ved opptak, men for studentar som vel matematikk som ein del av studiet. Dette kravet er ikkje til hinder for opptak, og departementet legg til grunn at dispensasjonsordninga ikkje bør omfatte dette kravet.

For å få dispensasjon må institusjonen godtgjere at dei vil ha tiltak retta mot dei som blir tekne opp til studiet som varetek dei same omsyna som nivåkrava er meint å vareta. Slike tiltak kan til dømes vere ei forsterka oppfølging som er tilpassa behova til studentane. Intervju av søkarane kan gi kunnskap om hvor motiverte søkarane er for å bli lærarar og

om kva oppfølging dei treng for å klare utdanninga. Søkarar med lang undervisningserfaring kan ha andre styrkar og behov for tilrettelegging enn dei som kjem rett frå vidaregåande opplæring. Institusjonane må søke om dispensasjon, og dei skal ha rom for å utforme tiltaka i samsvar med den lokale profilen deira. Det vil vere opp til den enkelte institusjon å finne fram til eigna tiltak og gjere greie for i søknaden for korleis tiltaka vil vareta dei omsyna som ligg til grunn for nivåkrava.

Som varsla i punkt 2.3.2 i Meld. St. 20 (2023–2024), vil regjeringa ta initiativ til løpande evaluering av ei slik dispensasjonsordning. Om ein lukkast med å utdanne gode lærarar som ikkje har innfridd nivåkrava, vil regjeringa vurdere om heile ordninga med nivåkrav skal avviklast.

2.2.4 Tidspunkt for iverksetjing

Noreg treng fleire lærarar og sjukepleiarar. Det er derfor uheldig at det fleire stader er studieplassar som ikkje blir fylt opp fordi søkarene ikkje oppfyller nivåkrava. Dersom Stortinget sluttar seg til forslaget om endringar i nivåkrava for opptak til lærar- og sjukepleiarutdanningane i Meld. St. 20 (2023–2024), meiner departementet at desse tiltaka bør setjast i verk så raskt som mogleg. På grunn av søknadsfristar og behovet for endringar i opptakssystemet, er det ikkje mogleg å innføre desse endringane frå opptaket til studieåret 2024–2025. Samtidig er det unødvendig at det i studieåret 2024–2025 blir ståande tomme plassar dersom det er vedteke at nivåkrava skal bli endra og det finst søkarar som ønsker opptak, men som ikkje oppfyller nivåkrava.

Departementet foreslår derfor at endringane blir innført frå opptaket til studieåret 2025–2026, men at det blir innført ei overgangsordning som gjer det mogleg å gi opptak lokalt til søkarar som ikkje oppfyller nivåkravet allereie til studieåret 2024–2025.

Departementet foreslår ei overgangsordning som inneber at institusjonar som ønsker det, kan ta opp søkarar som ikkje oppfyller nivåkravet til studieåret 2024–2025 dersom dei etter hovudopptaket har ledige plassar. Eit slikt opptak vil ikkje vere ein del av det samordna opptaket. Det betyr at institusjonane må tildele plassar til slike søkarar på grunnlag av eit lokalt opptak, frå og med 20. juli. Institusjonane må gi beskjed til HK-dir om at dei vel å ha lokalt opptak til ledige studieplassar, og må også sjølv sørgja for informasjon til søkarar om denne moglegheita, til dømes på nettsidene deira. Det lokale opptaket må gjennomførast etter hovudopptaket og studium som institusjonen vel å ha som lokalt opptak på frå 20. juli, kan ikkje samstundes leggast ut på oversikta over ledige studieplassar via Samordna opptak.

Institusjonar som tilbyr lærarutdanningar, må få innvilga dispensasjon frå departementet for å kunna ta i bruk overgangsordninga. Departementet vil opne for søknadar medan forslaget er på høyring. Institusjonar som ønsker dispensasjon, må søke departementet om dette innan 29. mai 2024 og oppgi frå kva tidspunkt ein ønsker å starta med dispensasjonen, samt informere HK-dir om søknaden og kva for ein løysing institusjonen vil ha.

Ved lokalt opptak skal klager bli behandla av styret eller nemnda til institusjonen for studentsaker, ikkje av nasjonal klagenemnd, jf. opptaksforskrifta § 8-1. Departementet går ut frå at dette er den enklaste løysinga også for lokalt opptak av ledige studie plassar utan nivåkrav til studieåret 2024–2025, og foreslår derfor ikkje ein særregel om at nasjonal klagenemnd skal vere klageinstans for dessa vedtaka. Departementet ber likevel om inspel frå høyringsinstansane på dette spørsmålet.

2.3 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å oppheve nivåkrava for opptak til sjukepleiarutdanninga, sjå forslag til endringar i § 4-2
- å innføre ei dispensasjonsordning slik at institusjonar kan få innvilga unntak frå nivåkrava for lærarutdanningane dersom dei har tiltak som varetek dei same omsyna som nivåkrava er meint å vareta, sjå forslag til ny § 4-7 A
- at endringane i nivåkrav blir innført frå opptaket til studieåret 2025–2026, men at det blir ei overgangsordning slik at institusjonar som har ledige plassar, kan ved lokalt opptak ta opp søkarar som ikkje oppfyller nivåkrava til studieåret 2024–2025, dersom dei har ledige plassar etter hovudopptaket. For lærarutdanningane er det ei føresetnad at institusjonen har fått innvilga dispensasjon frå nivåkrava, jf. andre strekpunkt.

2.4 Forslag til forskriftsendringar

2.4.1 Trinnvis innføring

Departementet foreslår at endringane blir innført etter hovudopptaket til studieåret 2024–2025 og fullt ut frå opptaket til studieåret 2025–2026. Departementet foreslår derfor ei endring for opptaket til 2024–2025, som vil bli erstatta før opptaket til studieåret 2025–2026.

2.4.2 For opptaket til studieåret 2024–2025

I forskrift 6. januar 2017 nr. 13 om opptak til høgare utdanning blir det foreslått følgande endringar:

§ 4-2 nytt tredje punktum i sjuande ledd skal lyda:

Institusjonar kan ved lokalt opptak ta opp søkarar som ikkje oppfyller krava til studieåret 2024–2025 dersom dei har ledige plassar etter hovudopptaket.

Ny § 4-7 A skal lyda:

§ 4-7 A *Dispensasjonsordning for nivåkrav til lærarutdanningar*

Departementet kan etter søknad frå ein institusjon innvilge unntak frå nivåkrava i § 4-7 første til femte ledd og åttande ledd dersom institusjonen har tiltak som varetek dei

same omsyna som nivåkrava er meint å vareta. Institusjonar som har fått innvilga dispensasjon, kan ved lokalt opptak også ta opp søkarar som ikkje oppfyller nivåkrava i § 4-7 første til femte ledd og åttande ledd til studieåret 2024–2025 dersom dei har ledige plassar etter hovudopptaket.

2.4.3 For opptaket til studieåret 2025–2026

I forskrift 6. januar 2017 nr. 13 om opptak til høgare utdanning blir det foreslått følgjande endringar:

§ 4-2 sjuande ledd blir oppheva. Gjeldande åttande ledd blir sjuande ledd.

~~(7) 3-årig bachelorstudium i sjukepleie har krav om at søkjaren må dokumentere eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i norsk (393 timar) og 3,0 i fellesfaget matematikk (224 timar). Karakterkravet i matematikk gjeld ikkje for søkjarar som kan dokumentere bestått programfag i matematikk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande.~~

Ny § 4-7 A skal lyda:

§ 4-7 A *Dispensasjonsordning for nivåkrav til lærarutdanningar*

Departementet kan etter søknad frå ein institusjon innvilge unntak frå nivåkrava i § 4-7 første til femte ledd og åttande ledd dersom institusjonen har tiltak som varetek dei same omsyna som nivåkrava er meint å vareta.

3 Opptak til praktisk-pedagogisk utdanning på grunnlag av bachelorgrad

3.1 Gjeldande rett

Det følger av universitets- og høgskulelova (uhl.) § 3-2 andre ledd at departementet kan fastsette nasjonale rammeplanar for enkelte utdanningar. Innhaldet i praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) er regulert i forskrift om rammeplan til praktisk-pedagogisk utdanning § 3. Opptakskrava er regulert i § 6.

Praktisk-pedagogisk utdanning er normalt ei utdanning på eitt år, dvs. 60 studiepoeng på full tid, som krev mastergrad for opptak. I § 3 femte ledd står det i dag at institusjonar som tilbyr toårig påbygging til mastergrad i undervisningsfag i skulen, kan tilby praktisk-pedagogisk utdanning integrert i masterstudiet over minst tre år. For å få utferdiga vitnemål om fullført praktisk-pedagogisk utdanning, må masterutdanninga vere bestått.

Forskrifta § 6 første ledd tredje strekpunkt gir unntak frå kravet om mastergrad for dei som har bachelorgrad i praktiske og estetiske fag. Unntaket gjeld til 2025, jf. fjerde ledd.

I forskrifta § 6 andre ledd er det unntak frå kravet om mastergrad for dei som har bachelorgrad og blir tekne opp til ein integrert master over tre år (180 studiepoeng), som beskrive i § 3 femte ledd.

Forslaget i denne høyringa vedkjem ikkje § 6 første ledd, andre og fjerde strekpunkt om opptak på grunnlag av ein bachelor utøvande og skapande kunstfag eller i tegnspråk eller tolking.

Det varige unntaket frå mastergrad for dei med bachelorutdanningar i utøvande og skapande kunstfag (§ 6 første ledd, andre strekpunkt) er avgrensa til å gjelde utdanningar i finansieringskategori A og B. Departementet kjem attende til korleis desse utdanningane kan avgrensast på ein betre måte når endringane i finansieringssystemet trer i kraft.

3.2 Departementets vurdering

Stortinget har gitt tilslutning til at mastergrad skal vere hovudmodell for norsk lærarutdanning. Det er grunngevinga for at det blei innført krav om mastergrad for opptak til PPU frå 2019. Samtidig blei det innført eit midlertidig unntak frå masterkravet for dei som hadde bachelorutdanning i praktiske og estetiske fag. Unntaket blei grunnlagt med behovet for fleire lærarar i desse faga, og dette behovet er der fortsatt. Etter at masterkravet blei innført gjekk student- og kandidattalet til praktisk-pedagogisk utdanning kraftig ned. Samtidig er det mange tilsette i skulen som manglar lærarutdanning.

Regjeringa meiner det er mogleg å utdanne lærarar med mastergrad og samtidig syte for god rekruttering og eit kortare studieløp. Ved å tilby ein master i praktisk-pedagogisk utdanning, varetek ein både kravet om mastergrad og kravet om lærarutdanning for å bli tilsett i undervisningsstilling. Samtidig sparar studentane eitt år studietid samanlikna med i dag. Det betyr òg at lærarane kjem raskare ut i skulen. Mange av dei som tek PPU i dag, tek utdanninga på deltid, i kombinasjon med jobb. Ein master i praktisk-pedagogisk utdanning kan også bli tilbode på deltid. Dei institusjonane som vel å tilby ein toårig integrert master i praktisk-pedagogisk utdanning, eller ein integrert erfaringsbasert master for dei med minst to år relevant erfaring frå arbeid i skulen, må sjølve utforme utdanninga slik at omfanget av fagdidaktikk, pedagogikk og praksis dekkar krava i PPU-forskrifta. Krav om fordjuping i mastergradsforskrifta må òg vere dekket. Modellen skal gi ein fagdidaktisk eller pedagogisk/spesialpedagogisk innretning på masterutdanninga.

Det er behov for lærarar med bachelor i praktiske og estetiske fag. Det tek fleire år før ein får eit volum av kandidatar frå den femårige lærarutdanninga i praktiske og estetiske fag, og behovet blir ikkje dekket av kandidatar frå grunnskulelærarutdanninga. Derfor er det nødvendig å halde fram satsinga på PPU for dei med bachelor i praktiske og estetiske fag, og forlengje unntaket frå masterkravet fram til 2030.

Sjølv om målet er at lærarutdanninga skal vere på masternivå, kan det ta tid å utvikle PPU-mastermodellar. Det er gode grunnar til å satse på å kvalifisere dei som har erfaring frå undervisning i skulen, men som manglar lærarutdanning, og ikkje har høve til å ta ein mastergrad med det første. Statistikk frå SSB viser at det i dag er om lag 6000 tilsette i lærarstilling i grunnskulen og i den vidaregåande skulen som har høgare utdanning, men

ikkje pedagogisk utdanning. For nokre av dei er det ikkje realistisk å begynne på ei femårig utdanning, og dei trengs på skulen dei er tilsett ved. Eit midlertidig unntak frå kravet om mastergrad for desse vil kunne bidra til at mange som i dag er tilsett på vilkår, kan få formell kompetanseheving og kvalifiserast for fast tilsetting. Dei femårige integrerte utdanningane skal fortsatt vere hovudvegen til læraryrket og hensikta er ikkje å opne for ein snarveg for å bli lærar. Derfor er det ein viktig føresetnad at unntaket frå krav om mastergrad er mellombels fram til 2030.

Dersom Stortinget sluttar seg til forslaget om endringar i forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning i Meld. St. 19 (2023–2024), meiner departementet at desse tiltaka bør setjast i verk så raskt som råd. Dei fleste institusjonar vil trenge tid til å utvikle master i praktisk-pedagogisk utdanning, mens andre kan klare dette raskt. Institusjonar som vil ta opp studentar med relevant bachelorgrad og to års relevant arbeidserfaring frå skulen til eittårig praktisk-pedagogisk utdanning, kan i prinsippet gjere dette frå hausten, men institusjonane kan også ha behov for å tilpasse programma til målgruppa.

Departementet foreslår at endringane i forskrifta trer i kraft omgåande, og at institusjonane implementerer dei så snart dei er i stand til det.

3.3 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å opne for at institusjonane kan ta opp søkarar med relevant bachelorgrad til ein master i praktisk-pedagogisk utdanning (PPU-master) på 120 studiepoeng. Søkarar med relevant bachelorgrad og minst to års relevant arbeidserfaring frå skulen kan tas opp til ein erfaringsbasert PPU-master på 90–120 studiepoeng.
- å opne for at institusjonane i ein overgangsperiode fram til 2030, kan ta opp søkarar med relevant bachelorgrad og minst to års relevant arbeidserfaring frå skulen, til praktisk-pedagogisk utdanning på 60 studiepoeng.
- å forlenge unntaket frå krav om mastergrad for opptak til praktisk-pedagogisk utdanning for søkarar med bachelor i praktiske og estetiske fag, fram til 2030.

3.4 Forslag til endringar i forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning

I forskrift 21. desember 2015 nr. 1771 om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning, blir det foreslått følgande endringar.

I § 3 femte ledd (erstattar dagens femte ledd) skal lyde:

(5) Institusjonene kan tilby en integrert master i praktisk-pedagogisk utdanning på minst 120 studiepoeng eller en integrert erfaringsbasert master i praktisk-pedagogisk utdanning på minst 90 studiepoeng. For å få utferdiget vitnemål om fullført praktisk-pedagogisk utdanning, må den integrerte masterutdanningen være bestått.

§ 6 skal lyde (endringar i overstryking og kursiv)

§ 6 Opptak

(1) For å bli tatt opp til praktisk-pedagogisk utdanning, må søker ha

- en mastergrad som inneholder minst ett relevant fag som gir kompetanse til å undervise, jf. forskrift 23. juni 2006 nr. 724 til opplæringslova kapittel 14, eller
- *en bachelorgrad som inneholder minst ett relevant fag som gir kompetanse til å undervise, jf. forskrift 23. juni 2006 nr. 724 til opplæringslova kapittel 14, og minst to års relevant arbeidserfaring fra skolen, eller*
- en bachelorgrad i utøvende eller skapende kunstfag i finansieringskategori A eller B, med minimum 180 studiepoeng i kunstfaget, eller
- en bachelorgrad med inntil tre fag som gir kompetanse til å undervise i praktiske og/eller estetiske fag i grunnskolen. Ett av fagene kan erstattes av drama/teaterfag. Det må inngå fordypning på minst 120 studiepoeng i ett fag. Øvrige fag må ha et omfang på minst 30 studiepoeng. Det stilles krav om gjennomsnittskarakter C eller bedre fra bachelorgraden, eller
- en bachelorgrad i tegnspråk og tolkning (døvetolkutdanning), med minst 80 studiepoeng i tegnspråk. Det stilles krav om gjennomsnittskarakter C eller bedre fra bachelorgraden.

(2) Institusjoner som tilbyr *en integrert master i praktisk-pedagogisk utdanning på minst 120 studiepoeng* ~~integrert i påbygging til mastergrad~~ jf. forskriften § 3, kan ta opp studiesøkere som tilfredsstillt krav for opptak til mastergraden, til det integrerte løpet.

(3) *Institusjoner som tilbyr en erfaringsbasert integrert master i praktisk-pedagogisk utdanning på minst 90 studiepoeng jf. forskriften § 3, kan ta opp studiesøkere som tilfredsstillt krav for opptak til mastergraden, og som har minst to års relevant arbeidserfaring fra skolen, til det integrerte løpet.*

(3) Institusjoner som tilbyr praktisk-pedagogisk utdanning integrert i bachelorutdanning i utøvende eller skapende kunstfag, jf. forskriften § 3, kan ta opp studiesøkere som tilfredsstillt krav for opptak til bachelorgraden, til det integrerte løpet.

(4) For søker som har en *bachelorgrad og arbeidserfaring etter første ledd, andre strekpunkt, eller en bachelorgrad i praktiske og estetiske fag etter første ledd, tredje strekpunkt*, kan det gis opptak til praktisk-pedagogisk utdanning siste gang til studier med oppstart våren 2030 ~~2025~~.